



Retur: Husbanken
Postboks 1404, 8002 BODØ

Deres dato Deres referanse

Vår dato 16.04.2015
Vår referanse 2015/2661- 5
610/13563090

Meland kommune
Postboks 79

5906 Frekhaug

Meland kommune
v/Per Inge Olsen
Postboks 79
5906 Frekhaug

Avslag på søknad om tilskot til tilpassing for vidaretildeling 2015

Husbanken viser til søknad om tilskot for 2015

Husbanken avslår søknaden om tilskot til vidaretildeling i 2015.
Avslaget vert grunngjeve med:

- Midlar disponert frå tidlegare år utgjer i følge rapporteringa kr 357 189,-

God samfunnsøkonomi

Fleire eldre og personar med funksjonsnedsetting ønskjer i dag å bu heime i eigen bustad så lenge som mulig. Tilskot til tilpassing kan gje stor velferdsgevinst både for den enkelte og kommunen. Etter Husbanken si oppfatning er det eit stort potensial i mange kommunar for ein meir aktiv bruk. Kommunane bør sjå tilskot til tilpassing i samanheng med Grunnlån frå Husbanken og Startlån.

Internt samarbeid er viktig

Proba samfunnsanalyse har evaluert ordninga. Ei god forvaltning av ordninga synes å vera relatert til eit godt samarbeid mellom relevante instansar i kommunen. Spesielt vert det trekt fram at eit godt samarbeid mellom bustadkontor og ergoterapitenesta bidrar til ein god og aktiv bruk av ordninga. Det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld kor godt dette samarbeidet er, men det knytter seg eit openbart potensial til å betre kunnskapen til og samarbeidet med relevante instansar, då først og fremst ergoterapitenesta. Enkelte brukarar kan ha mange praktiske barrierar knytta til det å søkja om midlar til, og gjennomføra ei bustadtilpassing. Kommunane som evner å hjelpa brukarane slik at barrierane vert redusert, har ein betre bruk av ordninga enn kommunar som ikkje gjer dette.

Evalueringa kan lastast ned frå Husbanken.no. I tillegg oppfordrar Husbanken at kommunen lastar ned heftet Bustadtilpassing.

Nylige endringar

- Tilskot kan gjevast til leige av prosjektleiar/byggeleiar eller annan fagleg assistanse ved ombyggingar/tilpassingar.

Vår kontaktperson
Kari Kamberg Rinna
Tlf. 55 30 66 53
kari.kamberg.rinna@husbanken.no

Besøksadresse
Solheimsgaten 11 6. etasje
post@husbanken.no

Sentralbord
22 96 16 00
www.husbanken.no

Kontonr.
6345.05.03624
Org.nr.
942 114 184

- Tilskot kan gjevast til eldre som ønskjer å utføra førebyggjande tilpassingstiltak, for å leggja til rette bustaden med tanke på alderdommen.

Den enkelte søker sitt behov må vurderast individuelt

Tilskotet skal nyttast differensiert og den enkeltes behov må vurderast individuelt. Tilskotet kan nyttast til enkle tiltak som å fjerna tersklar for å betre tilkomsten til bustaden – men også til større ombyggingar for å leggja til rette bustaden i forhold til søkeren si funksjonsnedsetting.

Familiar med barn som har nedsett funksjonsevne skal være høgt prioritert ved tildeling av tilskotet. Kommunane bør ikkje nytta absolutte inntektsgrenser i slike saker. Den økonomiske behovsprøvinga skal gjerast ut frå ei heilheitleg vurdering av husstandens økonomiske situasjon på sikt etter at tilpassingstiltaket er gjennomført.

Kommunane bør sjå tilskot til tilpassing i samanheng med Husbankens andre økonomiske verkemidlar som bustønad, grunnlån og startlån.

Rapportering

Sjølv om Husbanken ikkje har løyvd midlar for 2015 skal kommunen fortløpande rapportera bruken av tilskotet, dette gjeld både utbetalte og avslåtte saker.

Kommunen skal rapportera om bruken av tilskot på følgjande måte:

- Kommunar som nyttar StartSak: Alle søknader om tilskot til etablering som behandlast i StartSak og som får status utbetalt eller avslag blir automatisk rapportert til Husbanken.
- Kommuner som ikkje nyttar StartSak: Alle søknader om tilskot til etablering som blir utbetalt eller avslått skal rapporterast fortløpande som enkeltsaker i rapporteringsmodulen StartRap.

Manglande rapportering for 2015 kan føre til at kommunen ikkje får tildelt tilskot for 2016.

Klage

Husbankens avgjerse er ikkje enkeltvedtak og ein har difor ikkje høve til å klaga.

Informasjon

Vi viser til Husbankens retningslinjer for tilskot HB 8.B.28, rettleiar for tilskot til tilpassing HB 8. B.27 og til våre nettsider www.husbanken.no.

Behov for ekstra midlar

Vi gjer merksam på at Husbanken har satt av ein liten reservepott. Kommunar kan søkja om ytterlegare midlar seinare i år. Søknadsfristen vil bli kunngjort medio august 2015.

Ta gjerne kontakt med oss dersom dykk ønskjer ytterlegare informasjon.

Helsing
HUSBANKEN

Britt-Nina F. Borge
Britt-Nina Fløysand Borge
Rådgiver

Kari Kamberg Rinna
Kari Kamberg Rinna
Rådgiver